



... og då va livet fint der ein låg med «von i hangande snøre» slig hallveis udføre, og hallveis innføre bryggjekanten.  
Teikning: Bjørg Lise Vestbø. \* Sola Bygdablad.

# LIVET PÅ LANDSBYGDÅ

## Ei (u)historisk framstilling sett med barne- og ungdomsauge

MAGNE A. ROTH

*Forfattaren er fødd tidleg i 1940-åra på øya Rott i Sola. Han flytta til Sørabygda i Sola i 1948. Han skreiv ein serie skildringar frå barne- og ungdomstida i Sola Bygdeblad i 1985-1986 under tittelen «-neRo-nostalgi».*

*Me tykkjer desse skildringane fortener eit vidare publikum og trykker derfor eit utval, med løyve frå forfataren.*

Eg er fydde på Rott, plassen dei aller fleste så gjekk på skulen før 1960 kjenne frå lesebogjå frå stykkje om Jentene på Fladholmen, som startar slik: *Rott, øya ved Stavanger, er Norges sørlegaste fuglevær.*

Det er kje så forskrekkeligt mange av dokke så kan bresa med slikt, vil eg tru. Ein ting te så eg kan slå i bordet med: Eg vaks opp på denne plassen før elektrisiteten var komen dit! Viss dei så måtte lesa dette, ikkje kjenne meg, må di tru at eg e fydde rondt hundreårskiftet, i plassen for onna krigen (den andre verdenskrigen, vel å merkja). Viss du spørre om det går an, så trur eg svaret må vera ja. Litt straum va der rektignok, vindmyllene va ett tydeligt trekk i det låga Rott-landskabe. Eg husa me hadde ei snor så di trekkte i når di sko stoppa uhyret, forde vinden, som der va ein velsignelse av, va for sterke.

Det hende når der bles kraftigt nok, at desse innretningane «sleid seg» og sveiv rondt i rasande fart uden å bry seg om bremseinnretningar i form av ei snor. Då måtte vindmylleeigaren klatra opp, og snu innretningjen av vinden, slik at ein kunne tjora rømlingen igjen. Koss di gjorde det vinterstid, når di fleste, for ikkje å sei adle klatreføre manfolk va på

sildafiskje, og sesongen for vind i velvaksen styrke var på sitt høgaste, vett eg heldigvis ikkje.

### Enkle og vanskelege plikter

I historisk tid, va det slig atte ongane hadde plikte, ting dei sko gjera, og det hadde eg og. Det å henta posten, va ei plikt, og det gjekk smertefritt for ein liden tasje som ikkje konne lesa.

Det å snu torrfiskjen, som der i den tid itte mi meinings va altfor moggje av, gjekk og, ligaeins å leggja han i hob om kvelden slig atte han ikkje sko råna opp.

Dei to siste pliktene eg kan hugsa, var nok vanskeligare å balast med. Det eine va å passa seg for bronnanne, som ikkje va verre sikra, enn at de gjekk å koma til dei, viss ein va interesserte nok, det andra va å passa seg for ikkje å ramla på sjøen, og det va nok det vanskeligaste, når veret var fint, og stintå sto stinne onna bryggjekanten, du såg na godt viss du bare tøygde deg langt nok fram øve bryggjekanten. Viss du då hadde snøre og to-øres krog, va det umulig å halla deg derifrå, og då va livet fint der ein låg med «von i hangande snøre» slig hallveis utføre, og

hallveis innføre bryggjekanten, det va jo fiskar ein sko bli, så ein lidn tjuvstart på yrkeslivet va sikkert på sin plass, sjølv om du ikkje haldt deg te instruksane.

## Den fysste traktoren

Seinare kom traktoren til øynå, om det va dei ladaste, eller dei mest framtidisretta av fiskebøndene som leigde han, vett eg ikkje, men det va maskineri så sette alt eg tidlegare hadde sitt (les: bådmotorar) i skyggen.

Di kom med an på ei skjøtta, og fekk an i land. Ett enormt beist av såkallte «jernhest-type», med baghjul moggje større enn ein snåttete, måbande guttongje. Det va redskap så lagte vei i vellingjå, der han hosta avgårde med plogen på sleb så steinane valt fram i uendelige mengda. Kanskje spikkulerte eg på om bondeyrket ikkje måtte vera vel så godt som det å vera fiskar.

## Krystallabberat

Radio fantes ikkje, derimot hadde me ein innretning så di kallte krystallabberat, det såg enkelt ud med ein krystalklomp på ei fjøl, og ei slags stift så du skrabte langsitt steinen med. Ett par med øyrekklokke – det så på nynorsk idag hette «head-set» måtte du og ha, og antennen. Kanskje va der ennå meir, eg konne ha sjekka det, men då e det ikkje lenger eg så mimra, deffor lede eg det vera. Iallfall fekk ein lyd i desse tingjestane, og det e det eg vil fram te, ingjen kan vel forlonga atte eg ska husa ka slags program di sende, men eg husa me flytte te lands i 1948, og tidå deritte ska eg fortelja om seinare, for då skjedde der moggje.

**Dei fysste melkemaskinane og ka dei førte med seg**  
Eg vaks opp i den tidå då ei ku var ei ku, og ein stud va ein stud, og samarbeid mellom desse måtte til viss

det sko bli resultate i form av nye kyde elle studa. I dag e studen avlegs, i allfall te sin opphavelige misjon. Kvidkledde folk i bil kjøre rondt å gjere den jobben, så verden går framøve, viss ein velle å sjå det på den måten.

På den tidå, kom kalvane te om vinteren, då gjekk det på kalvadans me røe sos, og andre delikatessa så konne lagas av råmelk, skjynt delikatessa, det va ikkje alt eg likte liga godt.

Om sommaren va det høgsesong for melk, då gjekk kydene på beide, og melkjå blei på ein måde billigare å produsera for bonden, men der va andre probleme så fylde med.

Molkemaskinen va oppfonnen, men så langt va ikkje utviklingjå kom, atte melkjå for i røyr rett i ein tank. Nei, frå maskinen bar det i et spenn, og når de va follt, va det ud i bronnhuset og sila frå molkemaskinspannet til melkespannet. Silingjå føregjekk igjønå no ge me kalte silevatt, så me fekk heim i øskje der desse vattstykkjå låg med no ge tynt papir imydlå.

Dette papiret brukte me ongane te sigarettpapir, det ga bare trekk enn avisepapir, og va lettare å arbeida med. Inni dette papiret, lae me tobakkjen, så for det messta va visna blad av himmola, elle andre veksta så konne eagna seg. Deffor vart røygjingå nokså sesongbetonte, det va ikkje godt å røygja himmola mens hu va grøne.

Tebars te silingjå, fordi dette føregjekk på sommaren, va det no ge problematisk å halda melkjå kalle te moråen ittepå, når melkebilen kom å henta spannå. Det va ikkje uvanligt å hengja spannå neri bronnen om nettene, så haldt melkjå seg i allfall litt bere, men slett ikkje alltid godt nok. På meieriet tog di prøva, helste om sommaren når di konne rekna med å finna nogen bakteria meir enn det så sko vera.

Det synliga resultatet av desse prøvane kom i form av lappa på melkespannå, når di kom i retur med melkebilen. De va fleire klassa, og kver klasse hadde sin farge på lappen, så ingjen sko vera i tvil om ka klasse naboen hadde fått på si melk, der spannå stod på spannakrakkane og vifta med lappar i ulige farga. Skiddlappa hette desse lappane på fagsprågje udøve gardane.

Når rykte om skiddlappa spredde seg, fekk adle farten opp, det va viktig å få inn spannå før andre fekk sjå atte ein hadde fått «premie», og ka sort ein hadde fått. Va ein snare nok, konne ein kanskje og få ein glytt av naboane sine spann, der va moen i alt, og sorgjå av ein andreklasselapp sjå seg sjøl konne mildnas betrakteleg av ein tredjeklasselapp sjå ein a'en, så slig sett va livet på landsbygdå ikkje ulikt livet andre plasse.

Melkehenting forbinde eg me an Emil Viggel, det va gutten så ikkje forsov seg. Klokka 7 om måråen henta han sjå osse, andre plasse va han då sjølsagt tidlegare, dei så låg itte osse i rudå, fekk nogen minutta meir på seg. Det seie seg sjøl atte ein måtte begynna tidligt, viss ein sko vera ferdige i tidå, det e andre tide nå, når tankbilen kjeme te adle døgnets tide, og henta det så e i tanken. Det hende nok atte folk forsov seg, elle ikkje blei ferdige te an Emil kom, og viss di va skikkeligt forseine, konne det resultera i atte di måtte kjøra te meierie med melkjå sjøl. Det blei hallveis rekna for ei skam, iallfall vis det hende for titt, så der va mange forme for folkanakk ein konne pådra seg som bonde, så på det viset og va ikkje livet på landsbygdå i 50-årå ulikt livet andre plasse i landet, og slig e det vel ennå, den einaste forskjelen e itte så eg husa, atte folk hugsa bere og lenger før, rimeligtvis fordi der ikkje skjedde follt så møgje då.

## Før fryseboksen si tid

Det va ikkje bara å springa ner i fryseboksen og ta ein pizza å klaffa i komfyren viss det kom uventa gjeste i den tidå eg vaks opp. Grunnane te atte det ikkje va så enkelt e iallfall 2. For det fyssta va pizza noge me aldri hadde høyrt om, for det andra visste me helle ikkje om atte der va noge så hette fryseboks, så dei va ikkje oppfonne på den tidå. Så mens folk gjekk og venta på atte nogen sko finna opp fryseboksen, og gjera han te ein livsnødvendighed, måtte dei klara seg på andre måda, og det gjorde di og.

Ferskt kjød va sjeldan kost på landsbygdå, det hadde me messte bare i dei tide me slakta noge, viss me då helle hanakjydlingane udenom, dei slakta me porsjonsvis føre helgjå, så de sko vera klare te syndagsmiddagjen, gamle hyns va det ligaeins med. Dei vart slakta i tide uden hanakjydlinga, og va enklare å eda, det va meir mad og mindre bein i ei velvaksen høna, enn i ein hanakjydling så ikkje va større enn at det gjekk fram atte det va ein hane og ikkje ei høna.

Større dyr va sjeldnare slakt. Det ein sko ha te eigen mad slo dei i hel heima, det va ikkje bryet verdt å la det gå omveien om slakthuset, ein ska som bekjent ikkje gå øve bekkjen itte vatten.

Grisaslaktingjå husa eg besste, spesielt frå den tidå eg va så liden atte eg ikkje hadde lov te å sjå på. Å nekta osse å høyra på, sto ikkje i jordisk makt, ingjen i nabologje konne vera i tvil når grisaslakting sto på programmet ein plass. Når me ligavel måtte høyra på spetakkele, konne me liga godt sjå og, tenkte me vel, og fant osse ein brugbare göymeplasse med gode utsikt, løene va ikkje alltid så tette.

Før gjerningsmennene skreid te verkje, vart det fyrt opp i bronnhuset, og vatten i svære mengda vart sett på kog, det sko brugast te skolling, så det ikkje vart for mögje buste igjen på svoren. Sjylve proses-



Jobben bestod i å røra i blodet itte offeret va ihelsleie og stokke. Det va visst ein svert viktige jobb, uden atte det nogen gong gjekk opp for meg ka vitsen va.

Teikning: Bjørg Lise Vestbø. \* Sola Bygdablad.

sen med slakting ska eg ikkje gå i detalja om, Bygda-bladet skal konna lesast av adle, uden sensur, men der e ikkje tvil om atte avliving på slakthuset nå te dags e adskillig meir grisavennligt.

Når me va så store at me ikkje vart vekkjagte onna prosessen, vanka der arbeid på osse. Me konne vel liga godt gjera noige nyttigt, når me plent sko vera på plassen liga vel. Jobben bestod i å røra i blodet itte atte offeret va ihelsleie og stokke. Det va visst ein viktige jobb, uden atte det nogen gong gjekk opp for meg ka vitsen va.

Seinare vanka der blodkomla med dott i, og ferskt kjød ei tid, mens resten vart lagt i salt.

Kjødet vart lagt i ei tynna med salt og lagje på, og der låg det mens ein forsynte seg itte kvert så ein sko ha det te middag. På slutten vett eg atte iallfall sau-kjøde va heilt grønt, og då va det ekstra godt.

Noe av kjøde blei og hermetisert, så heilt snaue for ferskt kjød va ein rektignok ikkje.

Iskrem hadde me sjølsagt helle ikkje heima, så det

åd me bara om sommaren, då iskrem itte meiningsjå ska edast. Der va forresten så møgje folk ikkje hadde heima då, så e vanligt vanligt i dag, men de e ei a' en historia. På kafeen neri Yllberstraen (Ølberg) brukte di torris te halda temperaturen i iskremboksane nere. Det va snodige greie tytte me ongane, tenk is så va så varme atte der røykte av an! du merakkels for ei greia.

Ein onkel begynte å laga fiskamad, og då bygde han fryså. Hu mor pakkte kyddstykkejå i madpapir, for plastikkjen va ikkje helle oppfonnen då (tobakkjen blei selde i avlange pappyskje så sette merkje itte seg på baglommane, og va fladklemde før di va tome), og kjøde blei frakta på fryså. Jobben me å henta di heim ittekvert så behovet melde seg, va min for det mesta. Det va løye å koma ud or fryså itte ein tur, sjøl midt på vinteren va der varmt. Vel heima med fangsten, måtte kjøde leggast i vatten for opptining, for madpappire hadde jo frose fast te den komande syn-dagsmiddagen.

**Magne A. Roth**

Journalist og lærar på Sola ungdomskole.  
Adresse: Gardshaugv.79, Ræge.